

Russlandsstudiar ved UiT – kommentarar

Åsne Ø. Høgetveit

Takk til Kari Aga Myklebost for hennar innlegg om Russlandsstudiar som grein av historiefaget ved UiT. For meg er Russlandsstudiar namnet på den tverrfaglege bachelorgraden og mastergraden eg tok ved UiT i perioden 2006—2014. Og i min kommentar er det dette programmet eg kjem til å snakke om.

Russlandsstudiar som eige studieprogram vart oppretta som BA i 2003 – eit born av kvalitetsreforma, som innebar ei omlegging av gradsstruktur og oppretting av nye tverrfaglege program. Nokre år seinare vart masterprogrammet etablert. Til tross for at det vel aldri har vore mange studentar på programmet, i alle fall ikkje som har fullført (eg kjem att til dette seinare), så har det vore opptak til programmet i 19 år!

Det var eit program som var eit samarbeid mellom miljøa, og institutta, for historie, språk, litteratur og statsvitskap. Ja, ein ganske asymmetrisk konstellasjon i seg sjølv. Samanlikna med dei tradisjonelle disiplingradane var det nesten ingen valfridom i emna som utgjorde graden. Det var eit stramt løp der du som student i praksis hadde to val: fordjuping i språk eller historie.

Eg byrja i 2006, og var altså på det tredje kullet. Det vil seie at ein god del av bornesjukdomane var unnagjort, og det var etablert ein ganske sterk studentkultur og ikkje minst identitet. Det tydelegaste uttrykket for denne identiteten var studentforeininga Ladaklubben. Innan eg byrja var Ladaklubben ein tydeleg sosial arena.

For å seie det slik: på historie hadde de vin og viten – i Ladaklubben var det vodka og vitskap. Arrangement med tunge innslag av dillbasert mat og georgiske dansehits inn i dei små timar.

Men ein av pionerstudentane, Mikkel Berg-Nordlie (som disputerte her ved historie i 2017, om russiske samar og politisk påverknad) påpeikte at Ladaklubben hadde eit vel så viktig mandat i byrjinga som ein organisasjon for å fremje studentanes syn og påverke utforminga av studiet. Konkret vart det peikt på at det var studentane som pressa fram utvekslingsopphaldet i Arkhangelsk. Studentane greidde å finne ei sovande samarbeidsavtale med universitetet i Arkhangelsk, og der var opninga! Opphaldet i Arkhangelsk har studentar ved Russlandsstudiar i seinare kull sett enormt stor pris på.

Personleg kan eg vel seie at eg ikkje hadde hatt den forskingskarriere eg har om det ikkje var for det opphaldet. Eg syns at eg for fyrste gong forstod kva historiografi var, takka vere (den litt eksentriske) professor Vladislav Goldins undervisning om historiografien kring dei russiske revolusjonane. Og eg såg den russiske storfilmen om admiral Aleksander Koltsjak (*Admiral*, 2008), som, i lag med min nyvekta forståing for historiografi, fekk meg på sporet av minnekultur og interessa for korleis historie blir framstilt på film.

Det er forresten omkvedet i tilbakemeldingane frå studentane som har vore tilknytt studieprogrammet opp i gjennom: viktigheiten av at ein har vore så mykje i Russland i løpet av studiet.

Eg hugsar ein tydeleg kritikk av innhaldet i studiet om at det var meir passande å kalle det «Sovjetstudiar» – mange av studentane ynskte seg ei større vekt på samtids-Russland. Det var ein kritikk mot den slagsida studiet hadde i dei fyrste åra mot mykje (sovjetisk) historie og klassisk russisk litteratur.

Eg nemnte at det har vore få kandidatar som faktisk har fullført programmet – at fråfallet undervegs i studiet har vore høgt. Det er sjølv sagt mange grunnar til det, men eg vil trekke fram to aspekt. Det eine er at det reint praktisk var veldig krevjande å fullføre studiet på grunn av til tider dårleg koordinasjon om emnesamansetting, undervisning og eksamensavvikling. Det andre aspektet er at både studentar som avslutta utan grad og studentar som tok andre gradar (til dømes i Russisk språk og økonomi), såg på seg sjølve som ein del av eit miljø der Russlandsstudiar var eit nav. Så talet på ferdige kandidatar gjev ikkje eit godt bilete på kva dette studiemiljøet har gjeve oss.

Når det kjem til masteroppgåver har klart flest skrive levert oppgåver om historie! Her greidde eg å stå mot presset. Eg trudde eg skulle strebe, orsak, eg meiner «vera flink», og skrive politisk eller økonomisk historie. Men så gjorde eg jo ikkje det. Eg skjønna, med oppmoding frå Yngvar Steinholt, at eg kunne skrive om historieframstilling på russisk film. Men eg var bestemt på å ikkje skrive om Krigen, og ikkje om kjønn og kvinner. Her måtte eg gje etter for kjeldemateriale og freistnaden om eksterne midlar i form av masterstipend, så oppgåva handla til slutt om måten kvinnelege soldatar vart framstilt i sovjetisk og post-sovjetisk film. Ikkje fekk eg det masterstipendet frå Kvinnforsk heller.

I løpet av dei to tiåra studiet har hatt opptak har ting endra seg. I dag er det eit større samtidsperspektiv – og eg likar å tru at det var ei dreining delvis pressa fram av studentane. På

historie ser me det med prosjekt på minnepolitikk, og på russisk med emne i samtidskultur (ikkje berre litteratur) og mediespråk.

Skal freiste meg til å seie noko om framtida for studiet? Det at nærleiken til Russland har vore så viktig for studentane på programmet gjer meg uroleg for framtida til studiet. For på grunn av Russlands invasjon av Ukraina veit me ikkje når me på nytt kan sende studentane våre på den typen program. For meg, og for kollegaer og tidlegare studiekameratar eg har snakka med, kjennes krigen som eit svik mot så mykje av det me har arbeidd med og som me har sett som det store perspektivet: det å bygge fred og forståing gjennom kulturutveksling og kunnskap. Eit innspel eg fekk frå ein av aluminane, Arve Hansen (som disputerte her i 2020 om masseprotestar i Kyiv, Minsk og Moskva), var at studiet bør skifte namn til Aust-Slaviske eller Aust-Europeiske studiar. Me må i alle fall sjå på både form og innhald. Men kandidatar med kunnskap om denne delen av verda, både språk, historie og kultur, vil det vera bruk for i åra som kjem. Eg held fast ved eit håp om at studentar frå UiT ein gong i framtida på nytt kan få reise til Arkhangelsk, treffe studentar der, og lære skålen «for vennskap mellom folk/za druzjbu narodov».